

SAK 12/11 SLUTTRAPPORT FOR FORPROSJEKT OG MELLOMPROSJEKT – HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER

Saksopplysing

Regionrådet for Hallingdal og styret for Vestre Viken HF vedtok i september 2009 saman å etablere eit forprosjekt knytt til Stortingsmelding nr 47 Samhandlingsreforma :

”Rett behandling – på rett stad – til rett tid”

Målet med prosjektet var å finne overordna løysingar for å kunne vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som eit lokalmedisinsk senter med base for:

- Desentraliserte spesialisthelsetenester
- Samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta
- Interkommunalt samarbeid om kommunale tenester innan helse og omsorg

Prosjektleiarsfunksjonen har vore delt mellom Reidar Aasheim med 50 % stilling på vegne av helseforetaket og Trond Kleppen med 50 % stilling engasjert av Regionrådet.

Forprosjektet vart gjennomført etter planen med ein prosjektperiode på 10 månadar, utvida med ein mellomprosjektperiode på 4 månadar for å utarbeide ein fullstendig prosjektplan for eit hovudprosjekt. Mellomprosjektet vart avslutta i tråd med planen 1.februar 2011.

Ei samla økonomisk ramme for begge prosjektperiodane var 950 000 kr. Det vart søkt om tilskotsmidlar for forprosjekt og mellomprosjekt ut frå nemnte totalkostnad. Prosjektet mottok i alt 780 000 kr, som var 20 000 kr meir enn søknadsbeløpet.

Dette inneber at ca 480 000 kr av eigarane sine løyvde budsjettmidlar på 650 000 kr (325 000 kr på kvar av prosjekteigarane) kan overførast til 2011 og utgreiingsfasen av eit hovudprosjekt.

Forprosjektet konkluderte med at det var grunnlag for å gå vidare med prosjektet med eit hovudprosjekt delt inn i ein utgreiingsfase på eitt år og ein gjennomføringsfase over to år. Mellomprosjektet stadfestar dette grunnlaget. Det ligg føre ein justert prosjektrapport som felles rapport for forprosjekt og mellomprosjekt (vedlegg 1). Vidare er det utarbeidd ein prosjektplan for hovudprosjektet og 7 delprosjektplanar (vedlegg 2 til 8).

Konklusjonane i sluttrapporten og prosjektplanen er følgjande:

1. Forprosjektet og mellomprosjektet har vore gjennomført etter den framdriftsplan og med dei ressursane som vart tildelt prosjektet.
2. Det blir etablert eit hovudprosjekt med ein utgreiingsfase og ein gjennomføringsfase:
 - a. utgreiingsfasen skal skje frå mars/mai 2011 til mai 2012, og gi endeleg forslag om dei tiltak som skal inngå i Hallingdal Lokalmedisinske Senter.
 - b. ein finansieringsplan for hovudprosjektet 2012 – 2014 må utarbeidast så snart staten sine finansieringsordningar er fastlagt.
 - c. utarbeide framdriftsplan for gjennomføringsfasen av hovudprosjektet (2012 – 2014).
3. Utgreiingsfasen av hovudprosjektet gis ein tidsressurs på inntil 40 månadsverk fram til mai 2011 og ei økonomisk ramme for 2011 på 1 700 000 kr.
Prosjektleiarsfunksjonen for hovudprosjektet kan engasjerast med inntil 100% stilling.
Hovudprosjektet skal i tillegg delast inn i 7 delprosjekt, med ein leiar i 25 – 40 %

stilling for kvart delprosjekt gjennom frikjøp frå eksisterande fagstillingar i kommunane og ved sjukestugu. Prosjektleiar og leiarane for delprosjekta bør i fyrste omgang tilsetjast for del 1 av prosjektperioden (utgreiingsfasen).

Kostnaden blir dekt av eksterne tilskottsmidlar og overført løyving frå mellomprosjektet.

4. Prosjekteigarane for hovudprosjektet blir som i forprosjektet Regionrådet for Hallingdal og Vestre Viken HF, med ansvar for 50 % av finansieringa på kvar av eigarane. Det opprettes ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe felles for heile hovudprosjektet, og med arbeidsgrupper etter behov for det enkelte delprosjekt.
5. Eigarane skal etablere følgjande avgjerdspunkt:
 - a. etter slutføring av utgreiingsfasen i hovudprosjektet, for endeleg vedtak om oppstart av gjennomføringsfasen.
 - b. etter gjennomføringsfasen i hovudprosjektet / før overgang til fast drift.
8. Ved overgang frå prosjekt til driftsfase ser det på noverande tidspunkt mest føremålstenleg at HLS blir organisert etter §28 i kommunelova, vertskommunesamarbeid.

Vurdering

Prosjektet er vedteken gjennomført av styret i Vestre Viken HF og Regionrådet, utan at sak er lagt fram for kommunane. Eit vedtak om iverksetjing av eit hovudprosjekt som er planlagt å gå over ein 3-årsperiode og munne ut i ei felles samhandlingsetablering for kommunane i Hallingdal og Vestre Viken HF, vil krevje eit kommunestyrevedtak i kvar deltakarkommune.

Styringsgruppa og Regionrådet bør difor lage ei tilråding som går til bindande avgjerd i dei seks Hallingdalskommunane. Tilsvarande tilråding vil bli fremma via Adm. Direktør ovanfor styret i Vestre Viken HF.

Forprosjektet og mellomprosjektet har vore gjennomført med sterk forankring i så vel politisk miljø, fagmiljøet i kommunane og ved sjukestugu, og med brukarrepresentantar og tilsette sine representantar. Dei forslag som blir lagt fram, er i sterk grad produkt av dei tiltak desse instansane har sett behov for å etablere.

Dagleg leiar tilrår etablering av eit 3-årig hovudprosjekt i tråd med forslaget i sluttrapporten, der hovudprosjektet blir delt inn i 7 delprosjekt med dei fagområda som er vist i skisse. Med ein utgreiingsfase for detaljert planlegging av etableringa og gjennomføringsfasen, vil vedtaket no berre gjelde hovudprosjektet del 1 (perioden mai 2011 – mai 2012). Med eit nytt avgjerdspunkt etter denne perioden, vil eigarane få høve til ei endeleg vurdering av prosjektet og etablering før del 2 (gjennomføringsfasen) blir i verksett. Ei slik sak skal òg innehalde framdriftsplan og kostnadvurdering for dei ulike samarbeidspartane i prosjektet.

Utgreiingsfasen av prosjektet må avklare organisasjonsstruktur for gjennomføringsfasen / etableringa og løysing for dei finansieringsbehov som blir avdekt.

Forslag til vedtak

Tilråding til kommunane:

1. Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal og styret for Vestre Viken HF til å etablere eit 3-årig hovudprosjekt, slik det er beskrive i prosjektplanen for hovudprosjektet og dei 7 delprosjektplanane.
Hovudprosjektet skal delast inn i
 - ein utgreiingsfase (2011- 2012)
 - ein gjennomføringsfase (2012 – 2014)Samarbeidspartane skal godkjenne tilrådingane frå utgreiingsfasen, før iverksetjing av gjennomføringsfasen.
2. Kommunane og Vestre Viken HF gir tilsagn om naudsynt frikjøp av tilsette i delstilling, for gjennomføring av prosjektet.

Endeleg vedtak i Regionrådet

3. Regionrådet for Hallingdal godkjenner sluttrapport for forprosjektet og mellomprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter (HLS).
4. Hovudprosjektet si utgreiingsfase blir gjeve ein maksimal ressurstildeling på 40 månadsverk, og ei kostnadsramme for 2011 på 1.7 mill kroner, finansiert gjennom overført løyving og eksterne tilskotsmidlar. Finansiering frå 2012 må avklarast i samband med stortingshandsaminga av finansieringsordningar og tilskotsmidlar.
Prosjektet er planlagt med oppstart i mai 2011, med unntak for delprosjekt 6 og 7. Av utanforliggende årsak krev desse oppstart 1-2 mndr tidlegare, noko som er klarert med eigarane. Hovudprosjektleiar bør om mogleg starte tilsvarende i inntil 60 % stilling.
5.
 - a. Prosjekteigarar for hovudprosjektet er Regionrådet for Hallingdal og Vestre Viken HF, med ansvar for 50 % av finansieringa på kvar av eigarane.
 - b. Styringsgruppe for hovudprosjektet er samarbeidsutvalet mellom Vestre Viken HF og kommunane i Hallingdal, utvida med ordførarane.
 - c. Oddvar Grøthe vert prosjektansvarleg.
 - d. Som prosjektgruppe skal partane oppnemne følgjande:
 - 3 representantar vald av Regionrådet for Hallingdal
 - 3 representantar vald av Styret for Vestre Viken HF
 - 2 representantar frå dei tilsette sine organisasjonar
 - 1 representant frå brukarorganisasjonane
 - e. Styringsgruppa gir prosjektgruppa mynde til å tilsette hovudprosjektleiar og avtale frikjøp av leiarar for delprojekta.
6. Eigarane vil etablere følgjande avgjerdspunkt:
 - a. etter utgreiingsfasen i hovudprosjektet / før overgang til gjennomføringsfasen.
 - b. etter gjennomføringsfasen og slutføring av prosjektet før overgang til fast drift.

Ål 18.2.2011

Knut Arne Gurigard (Dagleg leiar)

Vedlegg 1: Sluttrapport for forprosjekt og mellomprosjekt.

Vedlegg 2 – 8: Prosjektplan for hovudprosjekt og delprosjekt